

# **SNF-RAPPORT NR. 20/03**

## **Effekten av arbeidsmarknadstiltak på regional arbeidsløyse Bruk av norske registerdata for perioden 1993-2000**

**av**

**Olav A. Kvitastein  
Kjell G. Salvanes**

**SNF- prosjekt nr. 4433:  
"Effekten av arbeidsmarknadstiltak på regional arbeidsløyse"**

**Prosjektet er finansiert av Arbeids- og administrasjonsdepartementet (AAD)**

**SAMFUNNS- OG NÆRINGSLIVSFORSKNING AS  
BERGEN, DESEMBER 2003**

© Dette eksemplar er fremstilt etter avtale med KOPINOR, Stenergate 1, 0050 Oslo. Ytterligere eksemplarframstilling uten avtale og i strid med åndsverkloven er straffbart og kan medføre erstatningsansvar.

ISBN 82-491-0277-0  
ISSN 0803-4036

## FORORD

Utgangspunkt for denne studien er at regionale forskjellar i arbeidsløyse har vore konstant gjennom dei siste tiåra i Norge. Ser vi på 1993 som er eit år med svært høg arbeidsløyse og 2000 som eit år med låg arbeidsløyse, finn vi akkurat dei same regionale forskjellane. Dette mønsteret med konstante regionale forskjellar i arbeidsmarknaden har Norge felles med dei fleste andre Europeiske land, medan ein i USA heller finn at dei regionale forskjellane i ledighetsrater endrar seg over tid. Eit viktig spørsmål i arbeidsmarknadspolitikken er kva som ligg bak denne stabiliteten i ledighetsrater. Vi gjer her eit fyrste forsøk på å gjeva svar på spørsmålet om arbeidsmarknadspolitikken i form av arbeidsmarknadstiltak har redusert desse forskjellane? I tillegg til ei kort drøfting av kva prosessar som påverkar denne stabiliteten i ledighetsrater mellom regionar, og kva effektar arbeidsmarknadstiltak kan ventast å ha utifrå økonomisk teori, analyserer vi i denne rapporten effekten av arbeidsmarknadstiltak regionalt. Vi gjer dette ved å stilla spørsmålet om arbeidsmarknadstiltak har ulik effekt i dei ulike regionale (fylkesvise) arbeidsmarknadane. Vi er interesserte i den kausale effekten av arbeidsmarknadstiltak og ikkje berre ein korrelasjon mellom tiltaket og sannsynleggheten for å koma ut av arbeidsløysa i ulike regionale arbeidsmarknader. Vi nyttar ”matching-teknikkar” for å konstruera relevante kontrollgrupper å samanlikna med for dermed å kunne dra politikk-konklusjonar frå resultatata og ikkje berre påpeika at det er, eller ikkje er, ein korrelasjon mellom

tiltak og sannsynligheten for å gå ut av jobb. Vi nyttar data frå SOFA-registeret frå Aetat kopla mot personregisterfiler frå SSB til dette arbeidet. Dataarbeidet i rapporten har vore komplisert. Særleg SOFA registeret har vore ei stor utfordring å få orden på. Vi har vore nøye med å dokumentera kva som har vore dei store utfordringane her. SOFA registeret har eit stort potensiale for analyser av arbeidsmarknadspolitikken. I kombinasjon med årsfilene frå SSB som er nytta i denne rapporten, kan SOFA gi oss eit høve til oversikt over virkemåten til arbeidsmarknadspolitikken som er utanfor rekkevidde for dei fleste andre politikkområde. Med enkle midlar kan materialet gjerast betre eigna for analyser som kan avdekka både samanhengar som ikkje er enkelt intuitive og samanhengar som er kontraintuitive. Verdien av kunnskap om slik samanhengar kan gi stor nytte-kostnads-brøk for innsatsen, om vegen frå innsikt til handling er mogeleg.

## INNHOOLD

1	Innleiing.....	1
2	Bakgrunn.....	4
2.1	Strukturen i ledigheten.....	10
2.1.1	Langtidsledigheten etter alder og kjønn .....	11
2.1.2	Langtidsledige etter utdanning .....	13
2.1.3	Langtidsledige for heile landet etter fødeland.....	13
3	Teorigrunnlag og spesifisering.....	16
4	Datagrunnlag og spesifisering av økonometrisk modell.....	18
4.1	Registerdata frå Aetat og SSB.....	18
4.2	Organiseringa av registerdata .....	20
4.3	Tekniske problem og val av løysingar.....	21
4.4	Avsluttande merknader om datagrunnlaget.....	28
5	Effektar av AMO .....	31
5.1	Innleiing.....	31
5.2	Avgrensing av analysen: kvalifiseringstiltak/AMO vs. andre tiltak....	32
5.3	Samanlikningsgrunnlaget: Kva er relevant kontrollgruppe? .....	35
5.4	Relevante effektmål .....	39
5.5	Effektar av tiltak: Forskjellar mellom regionale arbeidsmarknader. ...	44

6	Avsluttande merknader.....	55
7	Etterord .....	57
	Litteratur .....	59
	Appendiks 1. Ledighetsrater på alder, kjønn og fødeland fylkesvis. ....	61
	Appendiks 2. Resultat frå matchingprosedyren. ....	99

## 1. INNLEIING

Utgangspunkt for denne studien er at regionale forskjellar i arbeidsløyse har vore konstant gjennom dei siste tiåra i Noreg. Nord-Norge, og særleg Finnmark, hadde høg ledighet i 1960 og har det også i dag. Akershus og Sogn og Fjordane representerer det motsette ved å ha relativ låg ledighet i heile perioden. Ser vi på 1993 som er eit år med svært høg arbeidsløyse og 2000, eit år med låg arbeidsløyse, finn ein akkurat dei same regionale forskjellane. Dette mønsteret med konstante regionale forskjellar i arbeidsmarknaden har Norge til felles med dei fleste andre Europeiske landa, medan ein i USA heller finn at dei regionale forskjellane i t.d. ledighetsrater endrar seg over tid; statar med høg ledighet i ein periode hadde låg ledighet i ein annan periode (Blanchard og Katz, 1992; Fredriksson, 1999, OECD, 1989, Bertola og Ichino, 1995; for ein kort presentasjon av korleis dette ser ut for Norge; sjå Salvanes, 2003). Spørsmålet er kva som ligg bak dette nokså faste mønsteret av regionale forskjellar og om arbeidsmarknadspolitikken i form av arbeidsmarknadstiltak har redusert desse forskjellane.

Dette samansette spørsmålet blir vidare komplisert av dei mange typane mekanismer som kan ligga bak kvifor ledighetsratene *ikkje* har blitt utjamna over tid. Dei ulike mekansimene eller kanalane for tilpassing kan illustrerast slik: Anta at vi har eit regionalt arbeidskraftssjokk; korleis tilpassar då dei

regionale arbeidsmarknadene seg? Får ein reduksjon i lønene? Etablerer nye bedrifter seg slik at nye arbeidsplassar vert etablerte i områder med låge løner? Eller aukar mobiliteten av arbeidskraft for å gjenoppretta jamvekta i arbeidsmarknaden? Eventuelt kva kan årsakene vera til at ein ikkje får ei ny tilpassing med meir utjamning av arbeidsløyse mellom regionar?

For Norge – og andre nordiske land – er det eit par element i denne tilpassingsprosessen som er forskjellig frå dei fleste andre land. Bruk av arbeidsmarknadstiltak som opplæringsprogram er kraftig korrelert med regionale ledighetsrater. Arbeidsgivaravgifta det same, og det faktum at regionale arbeidsmarknadskontor eksisterer i alle regionar, er venta å påverka tilpassingsprosessen ved eit regionalt sjokk i arbeidsmarknaden. Eit anna særtrekk for Norge er sentrale lønsforhandlingar. Ein skulle venta at desse ville redusera effekten av løner som tilpassingsmekanisme ettersom dei forhandla lønene stort sett er dei same for heile landet.


I denne rapporten analyserer vi effekten av arbeidsmarknadstiltak regionalt. Vi gjer dette ved å stilla spørsmålet om arbeidsmarknadstiltak har ulik effekt i dei ulike regionale (fylkesvise) arbeidsmarknadane. Vi er interesserte i den kausale effekten av arbeidsmarknadstiltak og ikkje berre ein korrelasjon mellom tiltaket og sannsynleggheten for å koma ut av arbeidsløyse i ulike regional arbeidsmarknader. Problemet er at dei som er på tiltak kan vera ei spesielt selektert gruppe som har eigenskapar (positive eller negative) som er uobserverte for



oss. T.d. kan dette vera spesielt motiverte personar som ynskjer seg ut av arbeidsløysa. Vi nyttar matching-teknikkar for å konstruera relevante kontrollgrupper å samanlikna med, for dermed å kunne dra politikk-konklusjonar frå resultata og ikkje berre påpeika at det er, eller ikkje er, ein korrelasjon mellom tiltak og sannsynlegheten for å få arbeid. Vi studerer ikkje dei ulike mekanismane i tilpassinga som arbeidsmarknadstiltaka kan ha, som auka/reduert mobilitet etc. Det vi gjer i vår analyse er å sjå på nettoeffekten av arbeidsmarknadstiltak når alle effektane har verka.

## 2. BAKGRUNN

I løpet av dei siste 40 åra har det vore høg grad av stabilitet i fordelinga av godene t.d. i form av arbeidsløyse mellom regionane. For å illustrera dette har vi nytta data frå Arbeidskraftsundersøkinga for open arbeidsløyse i ulike perio- der, og analysert samanhengen over tid.




**Figur 1.** Samanhengen mellom arbeidsløyse i norske fylke på 60- og 90-talet.


Note: Regresjonslina er gjennomsnittleg ledighet $_{1994-96} = 4.14 (11.44) + 0.55 (2.09)$  gjennomsnittleg ledighet $_{1964-66}$ .  $R^2 = 0.21$ .

Som det framgår av Figur 1, er det stor grad av persistens i fylkesvise ledighetsrater mellom 60-talet og 90-talet målt ved gjennomsnitta i 1964-66 og 1994-96.

Dersom det var fullstendig samsvar mellom fylka med høg og låg ledighet i dei to periodane, ville vi hatt ei rett line med 45 graders vinkel eller ei helling på 1. Det er det tross alt ikkje, men vi ser at dei ekstreme variantane av fylke med høg og låg ledighet held seg svært stabilt. På den nedre delen av fordelinga finn vi Sogn og Fjordane og Akershus, medan Finnmark ligg over regresjonslina og høgt i begge åra. Nå må ein merka seg at Finnmark og antakeleg Nordland er forskjellig frå dei andre fylka sidan mykje næringsverksemd er sesongarbeid slik at det vil skjula seg eit sterkt innslag av sesongledighet for desse fylka.

Dersom vi ser på langtidsledige og på vår analyseperiode, kjem mykje det same mønsteret fram. Ledighetsratene for langtidsledige i 1993 og 2000 på kommunenivå, der vi deler ledighetsratene i kvartilar er presentert i Figur 2.






**Figur 2.** Ledighetsratene for langtidsledige i 1993 og 2000 fordelt etter kvartiler (SOFA).

Som det går fram av figuren er det klar samanheng i ledighetsratene mellom tidleg nittital (periode med høg ledighet) og i 2000, ein periode med låg ledighet. Denne samanhengen mellom ledighetsratene held seg sjølv om vi har gått frå ein periode med høg ledighet i 1993 til ein periode med låg ledighet i 2000.


Figur 3 viser dei faktiske ledighetsratene på kommunenivå.



**Figur 3.** Ledighetsratene for langtidsledige i 1993 og 2000 fordelt (SOFA).


I Norge er regionalpolitikken sentral for å sikra busetjing over heile landet samt å sikra nærings- og arbeidsliv i heile landet. Arbeidsmarknadstiltak har ikkje direkte regionalpolitiske oppgåver, men som vi skal sjå er tiltaka sterkt knytt til ledighet i regionar. Arbeidsmarknadstiltak har såleis både ein variasjon over

konjunktursyklusen ved at dei aggregerte tiltaka er kraftig motsykliske, og ein regional dimensjon ved at regionar med høg open arbeidsløyse også har hatt større innslag av tiltak. Det siste poenget er illustrert i figurane 4 og 5 som viser samanhengen mellom tiltaksratene og fylkesvise ledighetsrater i midten på 80-talet og 90-talet.



**Figur 4.** Samanhengen mellom retta arbeidsmarknadstiltak og arbeidsløyse i norske fylke på 80-talet.

Note: Regresjonslina er  $Tiltaksrate_{85} = -5.0 (-2.38) + 0.68 (9.34)$  gjennomsnittleg ledighet<sub>1984-86</sub>.  $R^2 = 0.84$ . Tiltaksrate er totalt antall personar på arbeidsmarknadstiltak delt på arbeidsstyrken i fylka. Datakilde: Arbeidsdirektoratet Statistisk Sentralbyrå.



**Figur 5.** Samanhengen mellom retta arbeidsmarknadstiltak og arbeidsløyse i norske fylke på 90-talet.

Note: Regresjonslina er  $Tiltaksrate95 = -0.77 (-0.32) + 0.47 (9.28)$  gjennomsnittleg ledighet1994-96.  $R^2 = 0.88$ . Tiltaksrate er totalt antall personar på arbeidsmarknadstiltak delt på arbeidsstyrken i fylka. Datakilde: Arbeidsdirektoratet og Statistisk Sentralbyrå.

Av Figur 4 og Figur 5 ser vi klart at arbeidsmarknadstiltaka er retta inn mot regionar som har høg ledighet. Vi ser at fylker som har høg ledighet også har prosentvis mange i arbeidsstyrken på tiltak. Fylker i nord og delvis i Midt-Norge samt Aust-Agder, Telemark og Østfold ligg langt over landsgjennomsnittet, og at Akershus og Sogn og Fjordane har ein liten del av arbeidsstyrken på tiltak. Det er også interessant at det er stor grad av stabilitet mellom desse periodane

som delvis representerer ein høgkonjunktur (1984-86) og utgangen av ein konjunkturedgang (1994-96).

Utifrå kva vi har etablert så langt er det klart at Norge er nokså lik Sverige og dei fleste andre Europeiske land ved at det er stabile forskjellar mellom ledighetsratene over tid. Samstundes er det også godtgjort at arbeidsmarknads-tiltak har vore brukt aktivt i regionalpolitikken og retta inn mot fylker med relativt høg ledighet. Dette er berre korrelasjonar slik at vi ikkje kan trekka noko konklusjon om at tiltaka ikkje har hatt verknad med reduksjon av ledigheten mellom regionar. Likevel er det ein indikasjon utifrå samanhengane vi har vist, at det er lite endring i fordelinga av byrdene med ledighet over dei siste fire tiåra.

## **2.1 Strukturen i ledigheten**


I førre avsnitt viste vi på aggregert nivå samanhengen mellom ledigheten i fylke over tid og samanhengen mellom ledighet og tiltaksintensitet. I dette avsnittet vil vi gå grundigare inn på samansetjinga av ledighetsrater over fylke og dekomponera kven som er ledige i dei ulike fylkene i dataperioden vi analyserer frå 1993 til 2000 i ulike karakteristika. Å dekomponera ledighetsratene for langtidsledige etter visse observerbare karakteristika er viktig for å forstå strukturen i denne typen ledighet og effektar av tiltak. Særleg er dette viktig i vårt høve sidan vi har ambisjonar om å analysere kausale verknader av




tiltak regionalt ved å konstruera kontrollgrupper basert på observerbare karakteristika.

### 2.1.1 Langtidsledigheten etter alder og kjønn

Figur 6 viser langtidsledigheten fordelt på alder og kjønn for heile landet. Som vi visste frå før, men som også blir stadfesta her, er fordelinga av ledighet etter alder topukla; det er dei unge og dei eldre i arbeidsstyrken som har høgaste ledighetsrater. Dette mønsteret held seg over konjunktoren. Det er også menn som har størst innslag av å vera langtidsledige.



**Figur 6.** Langtidsledigheten etter alder og kjønn for heile landet



Figur 6. Forts..

### 2.1.2 Langtidsledige etter utdanning

I tabell 1 viser langtidsledige etter utdanningsnivå. Det går klart fram at det er lågutdanna som ber dei tyngste byrdene med arbeidsløyse. Det som er interessant er at det er ei trendutvikling i denne perioden i personar med noko høgskuleutdanning som også er langtidsledige. Dette er eit nytt trekk i utviklinga.

**Tabell 1.** Langtidsledighet etter utdanning, 1993-2000.

	1993		1994		1995		1996	
	Antall	Prosent	Antall	Prosent	Antall	Prosent	Antall	Prosent
Obligatorisk utd.	324	0,38	298	0,38	261	0,36	209	0,33
Ungdomsskolenivå	24757	28,75	20875	26,95	17677	24,44	14884	23,40
Videregående grunnutd	28446	33,03	26085	33,68	24655	34,08	21952	34,51
Videregående avsluttet utd	25229	29,29	22367	28,88	21617	29,88	19100	30,03
Påbygging videregående	4770	5,54	4737	6,12	4767	6,59	4258	6,69
Univ & Høgs. lavere nivå	1727	2,01	2103	2,71	2291	3,17	2224	3,50
Univ & Høgs. høyere nivå	828	0,96	942	1,22	1022	1,41	920	1,45
Forskerutdanning	42	0,05	52	0,07	52	0,07	56	0,09
N=	86123	100 %	77459	100 %	72342	100 %	63603	100 %

	1997		1998		1999		2000	
	Antall	Prosent	Antall	Prosent	Antall	Prosent	Antall	Prosent
Obligatorisk utd.	146	0,29	109	0,32	227	0,57	240	0,57
Ungdomsskolenivå	11429	22,73	7614	22,18	8190	20,57	7864	18,57
Videregående grunnutd	17584	34,97	11927	34,74	17433	43,79	18085	42,70
Videregående avsluttet utd	14876	29,59	10051	29,28	7959	19,99	9286	21,92
Påbygging videregående	3422	6,81	2427	7,07	1076	2,70	1311	3,10
Univ & Høgs. lavere nivå	1898	3,77	1458	4,25	4003	10,05	4469	10,55
Univ & Høgs. høyere nivå	882	1,75	706	2,06	854	2,14	1027	2,42
Forskerutdanning	43	0,09	37	0,11	72	0,18	73	0,17
N=	50280	100 %	34329	100 %	39814	100 %	42355	100 %

### 2.1.3 Langtidsledige for heile landet etter fødeland

I tabell 2 viser vi langtidsledige etter fødeland for heile landet. Som det går fram av tabellen er det relativt stor forskjell mellom ledighetsratene etter fødeland fordelt etter verdsdel.

**Tabell 2.** Langtidsledige etter fødeland, 1993-2000.

Heile landet	År	Prosent		Prosent Totalt	Langtids- ledige totalt	Befolkningen 16 til 74 år
		Menn	Kvinner			
Norge	1993	1,77	1,07	2,84	78348	2760807
	1994	1,49	1,02	2,51	69647	2770658
	1995	1,31	1,04	2,35	64597	2747377
	1996	1,04	0,88	1,93	56564	2937285
	1997	0,80	0,70	1,51	44268	2937433
	1998	0,54	0,49	1,02	30068	2938729
	1999	0,63	0,51	1,14	33498	2940548
	2000	0,69	0,51	1,20	35332	2943029
Europa ellers	1993	2,95	1,50	4,45	3596	80761
	1994	2,63	1,58	4,21	3567	84791
	1995	2,62	1,81	4,43	3895	87904
	1996	2,17	1,62	3,79	4020	106050
	1997	1,87	1,48	3,35	3708	110742
	1998	1,25	1,08	2,33	2674	114550
	1999	1,35	0,96	2,30	2849	123625
	2000	1,50	0,94	2,45	3115	127354
Afrika	1993	8,24	1,61	9,85	993	10080
	1994	9,44	1,91	11,35	1163	10245
	1995	11,18	2,28	13,46	1387	10301
	1996	8,17	2,08	10,25	1317	12850
	1997	7,51	1,62	9,13	1223	13392
	1998	5,11	1,26	6,37	909	14265
	1999	4,59	1,24	5,83	938	16077
	2000	4,40	1,37	5,77	1055	18292
Asia	1993	5,71	2,66	8,36	3426	40961
	1994	6,37	2,93	9,29	3866	41593
	1995	6,36	3,63	9,99	4299	43013
	1996	4,77	2,94	7,71	4104	53251
	1997	3,79	2,52	6,31	3488	55263
	1998	2,50	1,80	4,30	2483	57760
	1999	2,52	1,79	4,31	2706	62748
	2000	2,42	1,62	4,05	2856	70604
Nord-og Mellom-Amerika	1993	2,04	1,36	3,40	417	12254
1994	1,72	1,30	3,02	362	11972	
1995	1,63	1,34	2,97	366	12340	
1996	1,23	0,95	2,19	312	14261	
1997	1,01	0,84	1,85	256	13846	
1998	0,64	0,55	1,19	169	14256	
1999	0,82	0,65	1,47	210	14308	
2000	0,87	0,90	1,77	253	14331	
Sør-Amerika	1993	7,23	2,93	10,16	524	5156
	1994	6,86	2,89	9,75	513	5264
	1995	5,95	3,84	9,79	538	5496
	1996	4,91	2,89	7,81	491	6290
	1997	3,29	2,41	5,70	367	6435
	1998	1,93	1,59	3,52	230	6526
	1999	2,10	1,59	3,69	258	6987
	2000	3,04	1,64	4,68	349	7456
Oceania	1993	1,72	2,11	3,83	20	522
	1994	2,42	2,42	4,84	28	578
	1995	2,03	2,64	4,67	23	492
	1996	1,76	1,76	3,53	28	794
	1997	1,80	2,12	3,92	24	612
	1998	1,13	1,41	2,54	18	710
	1999	1,68	1,68	3,37	26	772
	2000	1,26	1,26	2,51	16	637

Alt i alt har vi identifisert faktorar som ut frå den beskrivande statistikken ser ut til å kunna ligga bak regionale forskjellar i langtidsledighetsrater. Slike ulikskapande faktorar er sentrale for konstruksjon av kontrollgrupper som set oss i stand til å måla om arbeidsmarknadstiltak har kausale effektar m.o.t. utjamning av forskjellar i ledighetsrater mellom regionar.

### 3. TEORIGRUNNLAG OG SPESIFISERING

Vi tek utgangspunkt i eit modellrammeverk utvikla av Blanchard og Katz (1992) og seinare bearbeida for svenske tilhøve av Peter Fredriksson (1999), for å forklåra dynamikken i regionale arbeidsmarknader i USA og Europa. Vi gjer her berre ein kort presentasjon av tankegangen for å ha eit utgangspunkt for å leita etter dei mekanismer ein kan venta er i sving mellom ulike regionar når ein av dei får eit negativt sjokk. Spørsmålet er gjennom kva for mekanismer verkar tilpassinga mellom regionar? I tillegg er det viktig å få fram korleis ulike offentleg tiltak som arbeidsmarknadstiltak, som vi har vist har ei regionalpolitisk rolle, og andre regionalpolitiske tiltak verkar inn. Utifrå eit modelloppsett blir det dermed også klårt kva mekanismer ein skal leita etter. For Norge er det særleg viktig å forstå kvifor desse mekanismene ikkje er i sving, sidan vi har vist at det har ikkje skjedd fordeling eller tilpassingar over tid av byrdene med ledighet mellom norske regionale arbeidsmarknader.

Modellen til Blanchard og Katz (1992) tek kort fortalt sitt utgangspunkt i at 1) i eit kvart tidspunkt produserer regionar ulike produkt som dei sel på det nasjonale markedet og 2) bedrifter og arbeidarar er mobile mellom regionar. Bedrifter flytter til regionar som har løner under landsgjennomsnittet, og arbeidarar flytter så lenge relative løner og relative ledighetsrater avvik frå normalen. Ein antar vidare at teknologiske sjokk og relative prissjokk produserer region-spesi-

fikke sjokk for arbeidskraftsetterspørselen. Desse sjokka påverkar igjen løner og ledighetsrater regionalt.

Arbeidsmarknadstiltak tenker ein seg primært har ein negativ effekt sidan ein reduserer tendensen til å migrera ut av eit område med låg ledighet. Med andre ord verka eit slikt tiltak som ein innlukkingseffekt. Dette er fordi ein reduserer velferdstapet ved å vera utan jobb. Spørsmålet er om arbeidsmarknadstiltak også har ein effekt på lønssetting, og i tilfelle i kva retning den effekten går. I ein forhandlingsmodell får ein det resultatet at arbeidsmarknadstiltak fører til eit press oppover på løna sidan alternativet har gått opp. Men dersom den viktigaste effekten av arbeidsmarknadsprogrammet er å halda tilbodet av arbeidskrafta oppe, med andre ord redusera tilbaketrekkinga frå arbeidsmarknaden, fører dette til at det er eit lønspress nedover som skulle føra meir mobilitet. Kva for ein av desse effektane som er størst er sjølvsagt eit empirisk spørsmål som vi ikkje analyserer i detalj i denne rapporten.

## 4. DATAGRUNNLAG OG SPESIFISERING AV ØKONOMETRISK MODELL

### 4.1 Registerdata frå Aetat og SSB

Månadsfiler frå Aetat, *SOFA-registeret* for perioden 1993 til 2000, samt uttak frå Statistisk sentralbyrås *System for persondata* for same periode, utgjer datagrunnlaget for rapporten. SOFA-registeret inneheld opplysningar om personar som har vore registrert som arbeidslause eller på annan måte vore i kontakt med Aetat, t.d. gjennom deltaking på kurs eller attføringstiltak. Uttaket frå SSBs *System for persondata* inneheld opplysningar om den norske totalpopulasjonen mellom 16 og 74 år for åra 1993 til 2000.

SOFA er eit enkelt register som inneheld opplysningar om dagpengar og sykepengar siste året, siste meldedato til Aetat, samt arbeidssøkjjarstatus. Opplysningane omfattar alle personar som har vore i kontakt med Aetat, i dette tilfellet for perioden 1993-2000. Arbeidssøkjjarstatus er kategorisert som 9 ulike tilstandar samt opplysningar om kor lenge desse tilstandane varer for det enkelte individ. Tilstandane gjeld deltaking i tiltak i regi av Aetat slik som (1) *Offentlege sysselsetjingstiltak* (2) *Lønnstilskot* (3) *Kvalifiseringskurs/AMO*, (4) *Vikarplassar*, (5) *Andre ordinære tiltak*, (6) *Yrkeshemma, ordinære tiltak*, (7) *Attføringstiltak* samt tilstandana *heilt ledig* (0) og *ikkje registrert på tiltak eller registrert ledig* (.) i SOFA (som *kan* bety at ein er i arbeid). Tilstandane 1 til 7



har datoregistreringar for start- og stoppdata for tiltaket, for tilstandane *heilt ledig* og *ikkje registrert* i SOFA finnes det berre opplysningar om kva månad tilstanden er registrert i.

Uttaket SSBs System for persondata inneheld opplysningar frå Personregisteret, Arbeidstakarregisteret, Likningsregisteret, LTO -registeret, SSBs fødelandsfil og SOFA, samt opplysningar om høgaste fullførte utdanning.

Tabell 3 viser kva variable som er med i uttaket.

**Tabell 3.** Uttak frå SSBs system for persondata.

- Løpenummer
- Årgang
- Bustadkommune
- Statsborgarskap
- Kjønn
- ekteskapeleg status
- alder pr. 31.12
- organisasjonsnummer bedrift
- bedriftens identitetsnummer
- Næring (ISIC)/(NACE)
- Arbeidsstadskommune
- forventa arbeidstid
- tal på arbeidsforhold utanom hovudvirke
- registreringsdato start for arbeid utanom hovudvirke
- registreringsdato stopp for arbeid utanom hovudvirke
- sum pensjonsgjevande inntekt
- yrkesstatus på grunnlag av likningsregisteret
- utdanningas art (høgaste fullførte utdanning frå året før)
- klassetrinn
- fullføringstidspunkt
- isced -kode (Knytt til omkoda utdanningas art)
- månader personen har vært helt ledig i statistikkåret
- status for arbeidssøkjar i november
- tiltakskode koda ut frå dagens dato og status i november
- fødeland
-

Det er litt variasjonar over åra, t.d. har vi opplysningar om ekteskapeleg status berre frå 1996 og framover. Elles kan data samanliknast over tid. Dobbelregistrering av kode for utdanning i 1999 der Nus-89 og Nus-2000 er tekne med, har vore til stor nytte ettersom det gjer det mogeleg å nytta den mest oppdaterte utdanningsstandard (Nus-2000) for heile registeret.

## 4.2 Organiseringa av registerdata

For det enkelte individ er arbeidsløyse eit spørsmål om tid i tilstand. Det sentrale og kostnadsberande spørsmålet er kor fort ein kan koma attende i arbeid. For styresmaktene er også tid i tilstand det sentrale og kostnadsberande problemet. For vurderingar av dei ulike tiltake i forhold til kvarandre, er tid i tilstand, (kor lenge ein er på dei ulike tiltak) samt grad av permanens i *tilstanden arbeid* etter gjennomføring av tiltak, det sentrale. Utsegner om kor effektive dei ulike tiltaka er, er berre meiningsfulle dersom dei byggjer på samanliknande kalkyler av kor raskt ein kan venta å koma attende i arbeid.

Denne typen statistiske vurderingar byggjer på forløpsmodellar, modellar som krev spesielle organiseringar av registerinformasjonen. Tid i tilstand blir det sentrale organiserande prinsippet for registeret og kvart enkelt individ vil utgjera så mange einingar som tal på tilstandskifte over tid tilseier. Det er få relevante alternativ til denne arbeids og resonnementsmåten for vurderingar av den relative effektiviteten av ulike tiltak.

Andre typar resonnement, som t.d. deskriptive framstillingar av trekk ved langtidsløse, regionale variasjonar i arbeidsløyse og bruk av tiltak, krev anna organiseringa av registerdata. I slike framstillingar er det enkelte individ som styrer organiseringa av registeret. Tilstandar blir sett som trekk ved individet, uavhengig av tid i tilstand.

### **4.3 Tekniske problem og val av løysingar**

SOFA inneheld over 22 mill. registreringar frå 1993 t.o.m. 2000 organisert som månadlege registrering av tidspunkt for start og stopp av dei ulike tiltaka 1 til 7, samt registrering av tilstandane *heilt ledig* (8) og *ikkje i registeret* (.). For tilstanden *heilt ledig* finnes det datoregistrering av siste melding, men denne har liten informasjonsverdi ettersom den er utan samanheng med andre tilstandsendingar. For tilstandane 1 til 7 er registreringane repeterte månad for månad dersom det ikkje har skjedd endring. Det er heller ikkje slik at alle registreringar ligg mellom 1.1. og 31.12 i det året eit registerdatum skal gjelda. I det heile er ikkje SOFA eit register av same kvalitet som for eksempel dei data vi nyttar frå SSB. Mange registreringar innan eit år som har startpunkt i året føre. Vi har tolka dette som at tiltak kan gå over eit årsskifte. For registreringar som berre har opplysning om kva månad registreringa er gjort i, kan vi betra estimata av tid i tilstand når registreringar ligg innanfor året ved å krevja at året summerer til 365 dagar. På denne måten kan vi nytta datoregistreringa i SOFA

på beste måte. Når registreringar går over eit årsskifte har vi større problem med å finna nøyaktige estimat av tid for tilstandane *heilt ledig* og *ikkje i registeret* (som vi ved kopling mot SSB-registeret kan gjeva tolking som i arbeid).

For organiseringa av forløpsfiler skaper dette eit val mellom å sjå registreringar av dato for inn – og utgang av tilstandane 1 til 7 som det beste anslag for tid i tilstand eller å berre rekna registreringsmånad som det avgjerande datum. Vi har merka oss at SSB har nytta oppteljingar av registreringar pr. månad i SOFA utan omsyn til datoinformasjon for variabelen *tal på månader personen har vore heil ledig i statistikkåret*. Grunngevinga for dette er truleg at den prosessen som skaper *siste meldingsdato* er ukjent eller lite oversiktleg. Samanlikningar viser at SOFA og SSBs System for persondata stemmer overeins når vi aggregerer data fram til november månad, som SSB har nytta for oppteljinga. Ved å nytta heile året genererer vi eit meir komplett anslag for denne kor lenge eit individ har vore heilt ledig.

Datobaserte berekningar av tid i tilstand er som regel betre enn berekningar baserte berre på månadlege registreringar. Ved hjelp av SOFA kan vi konstruere to ulike typar forløpsfiler. Ei hybrid fil som består av datoregistreringar for


tiltaka og månadsregistreringar for tilstandane *heilt ledig* og *ikkje på tilstand eller registrert ledig*, samt ei fil basert på ein einsarta berekningsmåte med utgangspunkt i kva tilstand som er registrert for kvar måned. Ved datobasert registerkonstruksjon kan vi for tilstandane *heilt ledig* og *ikkje på tiltak eller registrert* gi eit meir nøyaktig anslag på tid gitt at datoregistreringar 1) er korrekte og 2) ikkje går ut over eit enkelt år, ved å krevja at summen av tid i tilstand innan året er 365 dagar. Månadsbasert registerkonstruksjon er enklare og krev berre at sum tid over alle tilstandar summerer til 12 innan året.

Ettersom dei to strategiane har ulike feilkjelder, har vi for å kunna vurdere desse, konstruert *begge* filtypar. For månadsbasert konstruksjon er det særleg det manglande skiljet mellom start i byrjinga eller slutten på månaden som skaper problem. Ein person som er registrert på tiltak frå slutten av ein måned til litt inn i neste måned vil bli registrert som verande i tilstanden i to heile månader. Varer tiltaket ein måned og to dagar, men slik at start er den 31 i ein måned og stopp er den første i etterfølgjande måned, får vedkomande registrert tre månader i tilstand. Ettersom formålet med forløpsorganisering av registeret er å finna tid i tilstand fram til tilstandskifte, er datobasert registerkonstruksjon er i dei fleste tilfelle det beste. I tilfellet SOFA skaper likevel slik registerkonstruksjon eit visst bortfall av data når registrerte datoar ikkje har meningsfull fortolking. Dette gjeld særleg når startdato kjem etter stoppdato for eit tiltak og

når tidsintervallet ligg utanfor akseptable grenser, i vårt tilfelle sett til to år bakover innan kvart års registrering når det ikkje ligg føre opplysningar om same person for året før.


Eit anna problem gjeld overlapping av start og stoppdato for *ulike* tiltak. Slike overlappingar kan indikera at ein person kan delta på meir enn eit tiltak på same tid. Dette fenomenet er lågfrekvent og vi har valt å sjå bort frå dette.

Figur 7 viser problema for eit faktisk tilfelle der ein person har vore registrert i tilstanden eller kategorien *yrkeshemma, ordinære tiltak* i to månader, fire månader i kategorien *attføringstiltak*, seks månader med *lønstilskot*, to månader som *ikkje på tiltak eller registrert ledig*, to månader som *heilt ledig* førtiein månader på *offentlege sysselsetjingstiltak*, deretter seks månader som *heilt ledig* og til slutt igjen i ein måned som *ikkje på tiltak eller registrert ledig* før personen blir borte frå arkivet for godt.



**Figur 7.** Eksempel på faktisk forløp basert på månadsorganisering

Figuren illustrerer eit forløp langs tidsaksen vist i månader frå 1900 over tids-  
spennet januar 1993 (1116=1993) til juli 1997 (1164=1997) basert på eksiste-  
rande av tilstandar basert på rekkefølge i månadsfiler frå SOFA. Lengda på  
kvar enkelt *episode*, definert ved sine to karakteristika *tilstand* og *tid i tilstand*  
er gitt ved kor mange månader tilstanden varer uendra. Vi ser at dei første til-  
standane er kortvarige. Først ved tilstandsskifte frå *lønstilskot* til første gongs  
registrering som *ikkje på tiltak eller registrert ledig* byter vi år frå 1993 til 1994  
(to + fire + seks månader). Tilstanden offentlege sysselsettingstiltak varer der-  
imot i over tre år (førtiein månader). Eit individ kan vandra mellom alle til-  
standar som er kategorisert i registeret. I praksis er det av naturlege årsaker til-  
standane *heilt ledig* og *ikkje på tiltak eller registrert ledig* som har dei høgste  
frekvensane. Dette er nettopp dei tilstandane som er utan informasjon om dato  
for inn og utgang i tilstanden.

Når vi nyttar datoinformasjon får vi eir problem med overlapp i tilstandar som  
vi ikkje har når vi nyttar månadsorganisering. I tillegg til annan feilregistrering  
får vi problem når eit individ har opptart i ny tilstand før dato for slutt for førre  
tilstand, illustrert ved symbolet  i figur 7. Dette kan bety at eit individ kan  
delta på to tiltak samstundes, men det kan og være feilregistrering. Av tekniske  
grunnar finn vi det problematisk å akseptera at eit individ kan være simultant i  
to tilstandar. Vi har valt å løysa dette ved å erstatta stoppdato for eit tiltak med  
startdato for neste tiltak når startdato for nytt tiltak kjem før stoppdato for førre


tiltak. Når stopp eller startdato ikkje er komplett har vi nytta eksisterande rekkjefølgje for registreringane i sofa. For kvart enkelt individ er derfor ordninga av tilstandar i våre forløpsregister alltid samsvarande med den originale ordninga i SOFA.

Påviselege feilregistreringar og overlappande start- og stoppdatoar gjer at forløpsfiler basert på månadsorganisering og datoorganisering blir litt ulike. Mens filene basert på månadsregistrering gjeld alle 1184696 personar registrert i SOFA over perioden 1993 til 2000 så inneheld dei datoorganiserte filene 1128267 personar for same perioden, dvs at registeret blir redusert med 56429 personar eller 4.8% når nyttar dato som kriterium. Talet på episodar kan og bli ulikt for dei to organiseringsmåtane. Vi har valt å nytta den datoorganiserte fila for analyser. Justert for å inkludera tidsavhengige kovariat, i dette tilfellet årlege registreringar frå SSBs system for persondata gir dette 5185881 episodar over perioden 1993 til 2000. Justeringa for tidsavhengige kovariat oppstår når ein episode strekkjer seg over meir enn eit år eller har start og stopp før og etter eit årsskifte. Fila må då ha fleire linjer for å kunna inkludera relevante kovariat på det tidspunkt i forløpet der dei høyrer til.

5185881 episodar over 1128267 personar inneber at mange individ er registrert over fleire episodar. Det maksimale talet på episodar for eit individ er 25. Talet på episodar kan bli høgt av ulike grunnar. Det kan skuldast at ein person er ”gjengangar” dvs at vedkomande nyttar seg fleire gonger av mange tiltak, men



det kan og skuldast at personen vekslar ofte mellom tilstandane *heilt ledig* og *ikkje på tiltak eller registrert ledig*.



**Figur 8.** Omfanget av multiepisodestruktur i datobaserte forløpsfiler.


Multiepisodestruktur er det ein må venta i forløp som gjeld arbeidsforhold. I nokre former for analyser inneheld multiepisodestrukturen verdifull informasjon, t.d. i analyser av særtrekk ved gjengangarar på eit tiltak. Eit trekk ved multiepisodestrukturen i dette tilfellet, er at talet på einingar med mange episodar er raskt fallande. Som vist i figur 8 har mindre enn 0.5% av individa meir enn 15 episodar. Berre 229 av over 1.1 millionar personar har meir enn 20 episodar og berre 4 personar har 25 episodar. Dette har ein del implikasjonar for val av analysemåtar. T.d. kan det vera meir problematisk å finna effektar av at

ein har mange overgangar mellom tilstandar, enn å finna effektar av tid i tilstand, uavhengig av kor mange gonger eit individ er i tilstanden. Estimat kan bli mindre pålitelege ved høge episodenummer på grunn av reduksjon i tal på einingar som kan inngå i analysen. På den andre sida vil eksklusjon av episodar med høge episodenummer ha liten innverknad på estimat av tid i tilstand, rekna uavhengig om eit individ har vore i denne tilstanden fleire gonger. Dette siste kan bety ein del i datasett der overlapp mellom tilstandar eller andre former for unøyaktig registrering gjer at forløp blir mindre pålitelege dess fleire gonger eit individ har tilstandsskifte eller dess fleire ulike tilstandar ein individ gjennomgår over tid.

#### **4.4 Avsluttande merknader om datagrunnlaget**

Vi har konstruert to filtypar for forløpsdata, ein såkalla månadsorganisert filtype og ein datobasert filtype. Når start og sluttdato for eit tiltak går utover det året registreringa skal gjelda for, dvs. t.d. er registrert for 1994 utan at start og sluttdato ligg mellom 1.1.1994 og 31.12.1994, har vi valt å ta med datoregistreringar som startar i året før, sjølv om det ikkje finnes noko samsvarande registrering månadsfilene for året før. Dette skaper ei feilkjelde som kunne ha vore unngått ved å dela kvar enkelt record opp ved å etablere eit stopp ved årsskifte og ny oppstart etter årsskifte når eit forløp strekte seg over eit årsskifte. Når summen av alle episodar innan året måtte summera til 365 dagar ville det

vera lettare å finna gode estimat for tilstandane *heilt ledig* og *ikkje på tiltak eller registrert ledig*. Ein slik strategi for organisering ville skapt fleire episodar og følgjeleg større avvik mellom månadsorganiserte og datoorganiserte filer.



**Figur 9.** Forløpstid vs. kronologisk tid.

Avviket blir særlig stort dersom vi nyttar andre parametriseringar enn den eksponentsielle, dvs. om vi ønskjer å sjå om det er andre fordelingar som gjev eit betre bilete av samanhengen mellom tid og forløp. Ved eksponentiell parametrisering gjer det ingen skilnad om vi som vist i 8 startar alle forløp i tid=0, så lenge vi har korrekt tid i tilstand ( $t_{stopp} - t_{start}$ ). For andre parametriseringar og modellering av tidsavhengighet må  $t_{start}$  vera korrekt tidsfesta i høve til kronologisk tid. Mens månadsbasert organisering av filene alltid vil gi kronologisk

plassering i samsvar med rekkefølge i SOFA, så vil datobasert organisering gi avvik frå denne rangeringa. Dette er eit problem som bør vurderast nøye ved framtidige avgjerder av kva som er beste forløpsorganisering for SOFA. Eit anna problem er kategorien *ikkje på tiltak eller registrert ledig*. Denne kategorien er stort sett berre eintydig tolkbar når personar passerer 67 år. Det er eit stort behov for å supplera informasjon om denne kategorien. Ved endeleg, oppdatert forløpsorganisering av SOFA bør det også gjennomgåast meir nøyaktig kva prosessar ligg under dei tilstandane som er registrerte. Det bør klarleggjast om det finnest overgangar som ikkje er mogeleg og derfor må reknast som feilføringar og om det finnest annan informasjon som kan nyttast for logisk oppretting av SOFA.. SOFA inneheld informasjon som får monaleg større verdi når registrert er organisert som forløpsfiler.

## 5. EFFEKTR AV AMO

### 5.1 Innleiing

I enkle analyser er det i hovudsak fire problem knytt til berekningar av effektar av Kvalifiseringstiltak/AMO. For det *første* så tek mange ledige del i fleire tiltak slik at det kan vera vanskeleg å avgjera kva tiltak som skal ha æra for ein eventuell effekt. For det *andre* er ledige ikkje ei homogen gruppe. Dei kan være ulike t.d. med omsyn til kjønn, alder og utdanning og følgjeleg ha ulike føresetnader for å finna arbeid. For det *tredje* er det ikkje likegyldig *kva* ein samanliknar mot, *kva* ein etablerer som kontrollgruppe. Det må etablerast eit meningsfullt samanlikningsgrunnlag. Effektar av AMO som virkemiddel kan berre målast meningsfullt ved å samanlikna individ som har nytta seg av AMO mot *samanliknbare* individ som *ikkje* har nytta slike tiltak. For det fjerde må det finnast kriterium for *kva* som skal reknast som effektar.

Det *første* problemet har vi løyst ved å avgrensa oss til å berre sjå på dei som har delteke på Kvalifiseringstiltak/AMO, *men ikkje på andre tiltak*. Det *andre* og *tredje* problemet har vi takla ved bruk av såkalla ”matching-teknikkar” som gjer det mogeleg å samanlikna individ som har delteke på AMO-tiltak mot individ som like sannsynleg kunne vore deltakarar, men som ikkje var vore det. Slik er samanlikningsgrunnlaget gitt ved at kontrollgruppa er valt ut blant

arbeidslause som ikkje har vore på AMO-tiltak eller andre tiltak i regi av Aetat, medan homogenitetsproblemet er løyst ved at dei individ som vert samanlikna, har om lag same status når det gjeld kjønn, alder og utdanning. Målsettinga med AMO-tiltak er å få folk i arbeid. Kriteriet vi reknar effektar i høve til er derfor kor lang *tid* det tar før folk får seg arbeid. Dess fleire individ som får seg arbeid og dess kortare tid dette tar, dess meir vellukka er tiltaket. Dess høgare skåre på desse to indikatorane, dess større effekt har tiltaket.

## **5.2 Avgrensing av analysen: kvalifiseringstiltak/AMO vs. andre tiltak**

I dette avsnittet drøftar vi problema med å avgrensa analysen til å gjelda personar som har vore på kvalifiseringskurs/Amo men ikkje delteke på andre tiltak i regi av Aetat.

Dersom eit individ er registrert i SOFA, vil det ved kvar einskild registrering vera kjenneteikna ved minst ein av følgjande tilstandar:

- Heilt ledig
- Offentleg sysselsettingstiltak
- Lønstilskot
- Kvalifiseringskurs/AMO
- Vikarplass
- Andre ordinære tiltak
- Yrkeshemma, ordinære tiltak

- Attføringstiltak
- Ikkje på tiltak eller registrert ledig

Over tid kan dei likevel vera i fleire tilstandar, t.d. vandra mellom tilstanden *ledig* og tilstanden *ikkje på tiltak eller registrert ledig* og innimellom vera innom ulike tiltak i regi av Aetat. Målsettinga for alle tiltak er å få folk i arbeid, men det finnes få hindringar for overgangar mellom ulike tiltak. Tida eit individ er i ein gitt tilstand kallar vi *ein episode*. Definert på denne måten, ser vi lett at det blir fleire episodar enn individ når eit individ finnest i fleire tilstandar.

Ser vi på fordelinga av *episodar* i perioden 1993 til 2000 viser tabell 4 korleis våre litt over fem millionar episodar for ca 1.1 millionar personar over 7 år fordeler seg m.o.t. tiltak. Tabellen viser at over 40% av dei episodane som er registrert i SOFA gjeld tilstanden *heilt ledig* mens nesten 40% gjeld tilstanden *ikkje på tiltak eller registrert ledig* som vi her har kalla arbeid.

**Tabell 4.** Fordeling av tiltak for perioden 1993 til 2000.

	Prosent	Frekvens
Heilt ledig	41,4	2145214
Andre tiltak	12,2	630347
Amo	7,7	399784
Arbeid	38,8	2010536
<u>Total</u>	<u>100</u>	<u>5185881</u>

12.2% av episodane gjeld andre tiltak enn AMO mens 7.7% gjeld AMO.

Problemet med ei slik oppteljing av episodar er at det ikkje går fram av tabellen

om eit individ har vore i fleire tilstandar, dvs. hatt fleire episodar *inklusive* AMO, innan året eller over åra. 5 viser korleis AMO og andre tilstandar for- deler seg over åra 1993 til 2000.

**Tabell 5.** Kvalifiseringskurs/AMO vs. andre tiltak.

	Berre AMO	Deltaking på andre tiltak i regi av Aetat innan året			Totalt
		1 tiltak	2 tiltak	3 tiltak	
1993	53560	11496	564	10	65630
	81,61 %	17,52 %	0,86 %	0,02 %	100 %
1994	56674	11473	636	8	68791
	82,39 %	16,68 %	0,92 %	0,01 %	100 %
1995	50844	9664	441	4	60953
	83,42 %	15,85 %	0,72 %	0,01 %	100 %
1996	42873	7308	331	1	50513
	84,88 %	14,47 %	0,66 %	0,00 %	100 %
1997	48437	4465	164	4	53070
	91,27 %	8,41 %	0,31 %	0,01 %	100 %
1998	34906	3795	225		38926
	89,67 %	9,75 %	0,58 %	0,00 %	100 %
1999	25617	1781	88	2	27488
	93,19 %	6,48 %	0,32 %	0,01 %	100 %
2000	32093	2229	91		34413
	93,26 %	6,48 %	0,26 %	0,00 %	100 %
<b>Totalt</b>	<b>345004</b>	<b>52211</b>	<b>2540</b>	<b>29</b>	<b>399784</b>
	86,30 %	13,06 %	0,64 %	0,01 %	100 %

Tabellen viser 399784 episodar for 256125 personar. 345004 episodar gjeld personar som ikkje har teke del i andre tiltak i regi av Aetat. Vi ser at mens ta- let på personar som har delteke på kvalifiseringskurs/AMO har gått ned over perioden 1993 til 2000, så har og tendensen til at folk deltek på fleire ulike til- tak innan året, endra seg. I 1993 deltok nesten kvar femte AMO-deltakar også på andre tiltak, mens det i 2000 er under 7% som tek del i andre tiltak i tillegg til AMO. Når vi skal reindyrka effekten av AMO er vi berre interessert i dei



individua som har delteke i AMO, men *ikkje i andre tiltak*, her 345004 personar.

I den vidare analysen er det utfallet for desse individua som er det sentrale.

### **5.3 Samanlikningsgrunnlaget: Kva er relevant kontrollgruppe?**

For å finna effektar av AMO må vi etablera ein standard, nok vi kan samanlikna mot, ei kontrollgruppe. Ledige er ikkje ei homogen gruppe og AMO er heller ikkje eit utdanningstiltak som det står alle fritt å velja. Berre ledige vil få tilbod om AMO-kurs. Vår kontrollgruppe må derfor finnast mellom ledige som korkje har delteke på kvalifiseringskurs/AMO eller andre tiltak.

Rosenbaum og Rubin (Rosenbaum & Rubin, 1983) foreslår at såkalla "*propensity scores*" vert nytta for denne type problem. "Propensity scores" er et uttrykk for sannynligheit for medlemskap i ei gruppe, gitt ei rekkje variable. Prediksjon av slike sannsynligheiter for medlemskap kan gjerast ved hjelp av ein enkel logistisk regresjonsmodell. Dei predikerte sannsynliheitene vert deretter nytta for å finna eit individ som *ikkje* har vore på AMO-tiltak, men som like gjerne kunne ha vore det, gitt ei rekkje variable. På denne måten kan vi samanlikna eit individ som har delteke på AMO, med eit "liknande" individ som ikkje har delteke på AMO.

Resonnementet som grunnjev prosedyren er enkelt. I det enklaste randomiserte eksperiment kan ein nytta seg av myntkast: krone er tiltak, mynt, vedko-

mande blir plassert i kontrollgruppa. Kallar vi gruppa som får tiltak,  $d=1$  og gruppa som ikkje kjem på tiltak for  $d=0$ , og let  $X$  representera relevante kjenneteikn (variable) ved individa, uttrykkjer  $e(X)=\text{prob}(d=1/X)$  kor sannsynleg det er at eit gitt individ kjem i tiltaksgruppa. Myntkast betyr at  $e(X)=\text{prob}(d=1/X) = 1/2$  for alle individ som er kandidatar for deltaking på tiltak. Predikerte sannsynligheiter for medlemskap i AMO-gruppa basert på logistisk regresjon vil sjølvsagt ikkje resultera i  $e(X) = 1/2$ , men gi varierende (mellom 0 og 1) sannsynligheiter for medlemskap. Poenget er at medlemmer i AMO-gruppa kan samanliknast mot ikkje-medlemmer som har *omtrent same sannsynlighet* for medlemskap i AMO-gruppa, dvs omtrent same *propensity score*. To individ med same *propensity score* kan vera svært ulike med omsyn til  $X$ , men vektoren av gjennomsnitt for  $X$  vil bli nokså lik både i kontrollgruppa og tiltaksgruppa. Prosedyren gjer at vi i vår registerbaserte observasjonsstudie kjem svært nær emulering av eit randomisert eksperiment. Vi kjem langt når det gjeld å kontrollera ut effekten av at tilordning av individ til tiltak ikkje er tilfeldig, den såkalla *seleksjonseffekten*. Skilnaden mellom randomiserte eksperiment og denne type observasjonsstudier basert på matching på *propensity scores* er i hovudsak at prosedyren, i motsetning til randomiserte eksperiment, ikkje balanserer ut effektar av *umålte* variable. Den valte prosedyren er likevel den som best gjer det mogeleg å trekkja konklusjonar om effektar av deltaking på kvalifiseringstiltak/AMO.

Vi har valt å basera våre berekningar av *propensity scores* på individuelle kjenneteikn som *kjønn, alder og utdanning*. Kjønn er ein naturleg dikotomi, operasjonalisert som 1 for kvinner og 0 for menn. Alder kan reknast som ein kontinuerleg variabel, mens utdanning er operasjonalisert som 1 - 0 dikotomiar etter kategoriar gitt ved Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS 2000). For utdanningsnivå er dette gjort slik at høgste nivå får verdien 1 for eit gitt individ, elles er verdien 0, for utdanningstype er tilsvarende gjort for oppgjevne fag. Dei skraverte felta i Tabell 6 viser kva kategoriar som er tekne med som dikotomiar i modellen som gjev prediksjon av *propensity score*.

**Tabell 6.** Utdanningsnivå og utdanningstype etter NUS 2000.

Utdanningsnivå (NUS2000)	Frekvens	Prosent
0 Inga utdanning og førskoleutdanning	268	0,07
1 Barneskoleutdanning	18474	5,11
2 Ungdomsskoleutdanning	66639	18,42
3 Vidaregåande, grunnutdanning	146600	40,52
4 Vidaregåande, avsluttande utdanning	84402	23,33
5 Påbygging til vidaregåande utdanning	10362	2,86
6 Universitets- og høgskoleutdanning, lågare nivå	30335	8,38
7 Universitets- og høgskoleutdanning, høgare nivå	4551	1,26
8 Forskarutdanning	180	0,05
N=	361811	100,00
Manglande opplysning om utdanning	15322	
<b>Totalt</b>	<b>377133</b>	

Utdanningstype (NUS2000)	Frekvens	Prosent
0 Allmenne fag	143026	39,79
1 Humanistiske og estetiske fag	21050	5,86
2 Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk	3735	1,04
3 Samfunnsfag og juridiske fag	3528	0,98
4 Økonomiske og administrative fag	54543	15,17
5 Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	89293	24,84
6 Helse-, sosial- og idrettsfag	27623	7,68
7 Primærnæringsfag	5857	1,63
